

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 51/2007

Møtedato: 5.9.07

Arkiv nr: S 585

## **S 585, Nørre Gilen - søknad om feste på stølshus**

Trond Jørgensen søker om å få opprette fritidsfeste på S 585 på Nørre Gilen. Det er i dag avgiftsfritt feste knytt til garden Olstad 39/29. Garden er opplyst fra søkjaren til å vera på ca 42 da, fordelt på ca 3 daa fulldyrka jord, 7 daa overfatedyrka mark, 11 daa bjørk/granskog og resten skog og kratt.

I følgje landbrukskontoret er det ca 6 daa dyrka jord til eigedomen.

I 1994 vart det oppretta avgiftsfritt feste knytt til garden. Oppretting av avgiftsfritt feste kan berre gjerast dersom bruket er å rekne som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. §2 i fjellova. Etter det ein kjenner til er det ikkje skjedd endringar med bruket sidan 1994. Bruket er framleis å rekne som ei jordbruksmessig eining etter allmenningslovgjevinga. Det kan derfor ikkje opprettast fritidsfeste på stølen. Søkjaren søkte og i 1997 om feste på stølshusa og fekk avslag på søknaden.

Statskog og fjellstyret har hatt lang praksis på å avslå søknad om hyttefeste på stølshus. Fjellstyret har i seinare tid hatt ei sak der garden ikkje var å rekne som ei jordbruksmessig eining. Søknad om oppretting av feste fekk søkerane avslag på. Fjellstyret gjorde vedtak om at husa skulle fjernast. Alternativet var å vise ut stølen til andre med behov for støl, men ein fann ikkje det fornuftig i den saka.

Statskog og fjellstyret sin praksis samsvarar med kommuneplanen som har forbod mot at det skal opprettast nye hyttefester i allmenningen.

### **Vedtak:**

Det er ikkje heimel etter stølsforskrifta for å opprette fritidsfeste på stølshusa og fjellstyret går mot at det blir oppretta feste.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 11.9.07.

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Trond Jørgensen  
Statskog  
Vestre Slidre kommune